# Ny ordning og nye satsar for refusjon av kostnader ved praksisopplæring i grunnskule og barnehage

Juni 2022

## Innleiing

Forslag til nye satsar bygger på og er forankra i øvingslæraravtalane, og er samstundes knytt til tariff-festa lønn i skule og barnehage, og vil bli regulert i tråd med årleg lønnsjustering. Avtalen bygger på prinsippet om at praksisrettleiing inngår i årsverket til lærarar i skole og barnehage.

Merk at satsane oppgitt nedanfor bygger på 2021-oppgjeret, og vil bli justert i tråd med resultat frå sentralt avtalt lønnsjustering etter årets forhandlingar.

## Grunnskulepraksis – fast sats per student per dag

Satsen tar utgangspunkt i lektorstigen, lektor med tilleggsutdanning og 10 års ansiennitet, med påslag på 26% for sosiale kostnader, som gir timesats på kr. 459,09 (2021-sats).

Timebruk per student er berekna til 0,875 t. per student per dag, omrekna til kr. 402.

I tillegg til timesatsen kjem fast godtgjersle til andre element frå øvingslæraravtalen, omrekna til beløp per student/dag, sjå tabell «godtgjering skule» under.

**Av dette følger sats per dag per student:**

| Refusjonsgrunnlag | Spesifikasjon | SUM per student per dag |
|---|---|---|
| Refusjon for timar | Lektor m/ tilleggsutd og 10 års ansiennitet, inkl sos.kost | 402 |
| Godtgjering* | Nasjonal sats, rektortillegg, veilederutd.tillegg, teamkoordinator | 116 |
| SUM | | **518** |

Utrekning snittbeløp godtgjering skule

| Godtgjering* | Sats i øvingslæraravtalen omrekna til sats per dag per student |
|---|---|
| Nasjonal sats | 80 |
| Rektortillegg | 20 |
| Teamkoordinator | 1 |
| Veilederutdanning | 15 |
| Sum | 116 |

Årleg justering:

- Timesatsen blir justert årleg i tråd med sentralt avtalt lønnsjustering og med verknad frå oppstart nytt studieår. Lønnsjustering for 2022 blir innarbeida i satsen for 2022-23.
- Fast godtgjersle er ikkje gjenstand for årleg justering, men kan reforhandlast i tråd med samarbeidsavtalen pkt.7.

## Barnehagepraksis – fast sats per student per dag

Ny sats tar utgangspunkt i lønn for pedagogisk leiar med 16 års ansiennitet, med påslag på 31,6 % for sosiale kostnader/pensjon, som gir timesats på kr. 375,04. Pga. ulike pensjonsordningar er påslag høgare for barnehage enn for skule.

Timebruk er 1 t. per student per dag, sjå timeressurs og godtgjering i barnehagepraksis.

I tillegg til timesatsen kjem godtgjersle til andre element frå øvingslæraravtalen, omrekna til beløp per student/dag, sjå tabell «godtgjering barnehage» under.

**Av dette følger sats per dag per student:**

| Refusjonsgrunnlag | Spesifikasjon | SUM per student per dag |
|---|---|---|
| Refusjon for timar | Timesats pedagogisk leiar, 16 års ansiennitet | 375 |
| Godtgjering* | Nasjonal sats, styrertillegg, veilederutd.tillegg | 160 |
| **SUM** | | **535** |

Utrekning snittbeløp godtgjering barnehage:

| Godtgjering* | Sats i øvingslærararavtalen omrekna til sats per dag per student |
|---|---|
| Nasjonal sats | 125 |
| Styrartillegg | 20 |
| Veilederutdanning | 15 |
| Sum | 160 |

Årleg justering:

- Timesatsen blir justert årleg i tråd med sentralt avtalt lønnsjustering og med verknad frå oppstart nytt studieår. Lønnsjustering for 2022 blir innarbeida i satsen for 2022-23.
- Fast godtgjersle er ikkje gjenstand for årleg justering, men kan reforhandlast i tråd med samarbeidsavtalen pkt.7.